



Stifta 19. februar 1938

ÅRSMELDING 2026

STYRET for 2025- 2026

Leiar	Gro Tove F. Sandnes	
Nestleiar	Svenn Kvaale Winter	
Sekretær	Eivind Dalseg	
Kasserar	Tone Knutsen	
Styremedlem	Ella-Marie Furuhovde	
Styremedlem	Ida Nordbø Kvaale	
Styremedlem	Svenn Uleberg	
Valkomité	Gunnar Kvaale	
"	Tor Kasin	
Revisjon	Ragnhild Sordal	

Medlemskontingent :

Enkelt medlem : kr 300,-

Familie : kr 500,- for opptil 5 personar. Eit tillegg på kr 100 per person over dei 5. Familiemedlemsskap gjeld for born opp til 18 år. Etter 18 år må ein betale enkeltmedlemsskap.

Trenarar : kr 100,-

Støttemedlem : kr 200,-

Ingen auke av medlemskontingenten i 2025.

Idrettslaget har ca. 389 medlemmar, ei auke på 1,7% frå førre år.

Aktivitatar i veka:

Aktivitetsplanen var tilgjengeleg på heimesida og facebook.

Regelmessig aktivitet er fotball, functional fitness, badminton og spinning.

Functional fitness

Tilbudet med styrketreninger i hallen 3 ganger i uka har vært opprettholdt hele 2025. Gjennom året har det vært litt ustabilt oppmøte. Merker en økning nå i senere tid. Vil anslå et gjennomsnittlig oppmøte pr. trening over året til 7-15 personer, men ser en på det helhetlig så er det fremdeles et veldig populært tilbud ut fra tilbakemeldinger fra deltakere.

Så organiserte styrketreninger er et bra tilbud og kan opprettholdes takket være flere trenere å spille på. Og er fremdeles en aktivitet som trekker folk fra ulike deler av kommunen.

Sentrale er Monika Helle, Ida Kvaale, Guro Kvaale, Hege Jore Gakkestad samt Anne Fauske som trenere.

Frisbeegolf

Me har hatt eit stort prosjekt med å bygge Frisbeegolf saman med KVS. Banen er ferdig. Hatt litt trøbbel med vepsebol under utkasta. Håpar å kunne arrangere opningsturnering snart.

Spinning

Det har vore spinning i periodar på torsdagar frå 19.30-20.30. Spinning på torsdager har vore populært etter jul. Triatlon løp hjelper til med litt motivasjon for folk til å spinne. Det har vore mellom 6 og 10 stykker på trening etter jul.

Badminton

Det har vore badminton på tysdagar 19-21 og torsdagar kl 19 – 20.30. Oppmøtet har vore greitt, særleg på tysdagane.

Motorsport

Arbeidet med enduroområde har stått stille etter negative møter med statsforvaltar. Kommunen har prøvd å ta det inn i kommuneplan, men Statsforvaltar har i praksis stoppa prosjektet.

Fotball trening

1-4. klasse

Det har vore trening for dei mellom 6-10 år kvar tysdag frå kl. 16.30 – 17.30.

5.-7. klasse

Godt oppmøte på 8-12stk. Alle vil vere med vidare og gledar seg til treninga på Bygland (mange er òg med i Otra så det sei jo litt). Cecilie Kvaale er med på trenersida. Birgit Nordgarden og Kristine Vollen administrerer. Vil prøve å få til kampar med Valle og Bykle/Hovden som i fjor.

Gruppene har deltatt på trollcup på Evje i april, samt 5-7 klasse var med på Setesdalscupen.

Volleyballtrening 8-10 klasse

Det har ikkje vore volleyballtrening i regi Bygland IL det seiste året.

Sponsing av årskort til Brokke Alpinsenter:

Sponsing av årskort har ikkje vore gjennomført i år ettersom BUA har kort til utlån.

Ski

Det vart gjennomført 4 ljosløyperenn på Heistad med ca 25-40 deltakarar så dette er eit populært tiltak.

Tolhomrenn er planlagt utført som normalt så lenge snoen held.

Ein flink gjeng har sørget for flotte skiløyper på Tangen og på Heistad.

Bygget på tangen er ferdig kledd. Bergtor og Fredrik tok ein dugnad og gjorde ferdig sørveggen og vindskier. Ellers så er maskin operativ og har hatt litt lett service og bytta ein starter som blei fuktig etter at me sette oss fast i vatn på Løtveit. Skoter ,slede sporkall og eit aggregat står i saman med trakke maskin. Me har kjøpt inn to propanomnar så me kan tine maskinen når den fryd til som verst i jan/februar.

Årsmøte:

Gjennomført 05.mars 2026 i klubbhuset

Color Line Setesdal tour:

Løpet vart gjennomført. BIL hadde matstasjon og vakter ulike stader. Dette gav ca 75 000 i inntekt.

Idrettshall - styrkerom

Ein har hatt ei ordning der alle som er medlem i idrettslaget kan teikne abonnement for bruk av styrkerommet. Dette har kosta kr 1000,- for vaksne og kr 500,- for skuleelevar pr. år. Dette har vore eit svært populært tilbod som har femna om aldersgruppa frå 13 – 80 år. Det er gjort store oppgraderingar den seiste tida. Arbeidast med eit betre system for brikker og låssystem i samråd med kommunen.

Byglandsfjord

Vi har hatt styrketrening 2 gonger i veke på Byglandsfjord. Godt motteke og mange nye medlem.

Symjetrening triatlon

Vi har i periodar hatt symjetrening 2 gonger i veke på Bygland i symjehallen.

Triatlon

Vi har hatt eit triatlon løp med ca 70 deltakarar og planlegg ytterligare auke neste år. Mange lokale deltok og har «fått eit nytt liv og nye mål» og trener hardt for 2026 triatlonen som kjem. Løpet er planlagt 18.juli, og det er oppretta eit styre på 6 personar som arbeider med gjennomføringa av dette. Stor satsing framover. Gjekk med forsiktig overskot i fjor.

Terrengkarusell

Vart gjennomført terrengkarusell 13.05.2025. Godt oppmøte og grei gjennomføring. Flott samarbeid med KVS.

Kommentar frå leiar:

Bygland idrettslag er eit lag med gode og varierte aktivitetar, som gjev tilbod til begge kjønn i alle aldrar. Me er Bygland kommune sin største frivillige organisasjon og er derfor ein viktig trivselsaktør for innbyggjarane i kommunen. I høve folkehelseperspektivet har idrettslaget og ein viktig funksjon.

Vi får til mykje i fellesskap i eit lite idrettslag, og sett stor pris på all friviljug innsats gjennom året. Satsing på nye idrettar, samt Byglandsfjord er veldig positivt.

Idrettslaget har mista Sesilåmi som inntektskjelde, men me opplev at både Color Line og triatlon, samt anna aktivitet sørgjer for god og berekraftig økonomi vidare.

Styret Bygland IL